



# BACHELOROPPGÅVE

## Jenter og rusmisbruk

Korleis kan forhold i oppveksten vere medverkande risikofaktorar for at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og kva slags førebyggande tiltak og instansar kan vere hensiktsmessig å setje inn etter at eksperimenteringa har byrja?

av

Kandidatnummer 240  
Elisabeth Ullebø

Sosialt arbeid  
BSV5-300  
Mai 2013



HØGSKULEN I  
SGON OG FJORDANE

## **Innhald**

<b>1.0 Innleiing .....</b>	4
<b>2.0 Metode .....</b>	5
2.1 Metodeval: Kvalitativt intervju .....	5
2.2 Utval.....	6
2.3 Før-forståing .....	6
2.4 Innhold i intervjua.....	6
2.5 Utfordringar undervegs .....	7
2.6 Analyse ved tematisering.....	7
2.7 Generaliserbarheit, reliabilitet og validitet.....	8
2.8 Etikk.....	9
2.9 Litteratur .....	9
<b>3.0 Teoretisk rammeverk.....</b>	10
3.1. Kva er rus og rusmiddel?.....	10
3.2 Bruk versus misbruk.....	11
3.3 Risikofaktorar for utvikling av rusmisbruk .....	11
3.4 Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell .....	12
3.5 Tilknyting .....	12
3.6 Meistring.....	14
3.7 Førebygging .....	14
<b>4.0 Korleis kan risikofaktorar i oppveksten medverke til rusmisbruk? .....</b>	15
4.1 Norsk ungdom sin bruk av rusmiddel.....	15
4.2 «Birte» sin start på livet var prega av mor sitt rusmisbruk.....	16
4.2.1 Var det betre for «Birte» å flytte i fosterheim? .....	17
4.3 Rusmiddel som meistringsstrategi i ein vanskeleg oppvekst? .....	17
4.3.1 Utryggleik kan gje utslag i vennskapsrelasjonar .....	19
4.3.2 Eldre kjærastar i rusmiljø .....	19
4.4 «Anna» sitt liv som «skilsmissebarn».....	20
4.5 «Cecilie» si oppleving av ein avvisande far .....	21
4.6 Å ta meir ansvar enn ein bør som barn, ein risiko for rusmisbruk? .....	21
4.7 Førebygging .....	21
4.7.1 Korleis kan fritidsaktivitetar førebygge vidareutvikling av rusmisbruk? .....	22
4.7.2 Korleis kan tiltak i skulen førebygge vidareutvikling av rusmisbruk? .....	23
<b>5.0 Avslutning .....</b>	24

<b>6.0 Kjeldeliste .....</b>	26
<b>7.0 Vedlegg.....</b>	29
7.1 Vedlegg 1: Informasjonsskriv.....	29
7.2 Vedlegg 2: Kvalitativt spørjeskjema (1) .....	31
7.3 Vedlegg 3: Kvalitativt spørjeskjema (2) .....	34

## 1.0 Innleiing

Eit gjennomgåande trekk ved unge rusmisbrukarar er därlege familieforhold (Helland & Øia, 2000). I følgje Helsedirektoratet (2010) finn vi ei rekke belastningar og risikofaktorar i familien (Helsedirektoratet, 2010), og ein ser sterk samanheng mellom problem i familien og risiko for utvikling av rusmisbruk (Hansen, 2001). I rundskriv Q-16/2007 «Forebyggende innsats for barn og unge» framhevast viktigheita av gode oppvekstvilkår og tidleg inngripen i problemutvikling. Tidleg intervension på rusområdet har også vore eit prioritert satsingsområde i regjeringa sin opptrappingsplan for rusfeltet (Helsedirektoratet, 2010). Både årsaken til rusmisbruk blant unge og korleis det kan førebyggast, er viktige område for å hindre rusmisbruk blant ungdom i risikosona. Det er også eit sentralt tema innanfor sosialt arbeid, og eit område som gjennom undervising og praksis har fanga mi interesse. Som sosialarbeidar vil unge jenter med eit problematisk forhold til rus vere ei gruppe ein kan møte ved blant anna NAV, psykiatri, barneverntenesta, kriminalomsorg og rusomsorg. Utifra dette har eg formulert følgjande problemstilling:

*Korleis kan forhold i oppveksten vere medverkande risikofaktorar for at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og kva slags førebyggande tiltak og instansar kan vere hensiktsmessig å setje inn etter at eksperimenteringa har byrja?*

Mitt faglege utgangspunkt for å svare på denne problemstillinga er at eg snart er ferdig utdanna sosionom. Eg har dermed kunnskap og erfaringar frå både utdanning og praksis. Eg har valt å gjennomføre to kvalitative intervju med ein person som jobbar ved Uteseksjonen i Oslo, så med informasjon frå informant og relevant forsking og litteratur innanfor området er det mogleg for meg å svare på denne problemstillinga.

Eg har gjort nokon avgrensingar i oppgåva, sidan det er eit omfattande tema. Det som blir presentert i teorikapitlet vil ikkje vere kjønnsspesifikt, men fokuset vil vere retta mot unge jenter i analysekapitlet. Aldersgruppa vil vere mellom 13-20 år. Avgrensinga er gjort på bakgrunn av interesse, informasjon frå informanten, tid til rådigheit og omfang av oppgåva.

Eg vil først gi ei innføring i metoden, som er ein kvalitativ studie gjennomført ved e-postintervju. Eg kjem i metodekapitlet til å gjere greie for fordelar og ulemper ved denne metoden, utfordringar eg møtte, korleis eg samla inn data, gyldigkeit og pålitelegheit. I teorikapitlet blir det presentert omgrep og teoretiske reiskap som vidare blir nytta for å svare på problemstillinga. I analysekapitlet blir søkelyset først retta mot korleis risikofaktorar i

oppveksten til jentene informanten beskriv, har vore medverkande til deira rusmis bruk.

Vidare blir det presentert førebyggande instansar og tiltak som kan setjast inn etter at jentene har byrja å eksperimentere med rusmiddel.

## 2.0 Metode

Metoden fortel oss noko om korleis ein bør gå fram for å skaffe eller etterprøve kunnskap. Det er reiskapen vår, og vil vere til hjelp når vi skal samle inn data i undersøkinga. Grunnen for å velje ein bestemt metode er at den kan gje oss gode data og belyse problemstillinga på ein fagleg interessant måte (Dalland, 2007).

Ein skil mellom kvantitativ og kvalitativ metode. Begge metoderetningane bidreg til ei betre forståing av samfunnet vi lev i, og korleis einskildmenneske, grupper og institusjonar handlar og samhandlar. Gjennom kvantitativ metode får ein data i form målbare einingar, som gjer det mogleg å gjennomføre rekneoperasjoner. Ein går i breidda på det ein undersøkjer og får lite opplysingar om mange undersøkingseiningar. Kvalitativ metode tek derimot sikte på å fange opp meningar og opplevelingar som ikkje kan talfestast eller målast. Ein går i djupna på det ein undersøker, og kan få mange opplysingar om få undersøkingseiningar (Dalland, 2007)

### 2.1 Metodeval: Kvalitativt intervju

Eg har valt å nytte kvalitativt forskingsmetode, for å få fram opplevelingar og meningar om korleis forhold i oppveksten kan vere medverkande risikofaktorar for at unge jenter utviklar eit rusmis bruk, og kva slags førebyggande tiltak og instansar som kan vere hensiktsmessig å setje inn etter at eksperimenteringa har byrja. Eg opplev denne metoden som mest gunstig for å få fram den informasjonen eg treng for å svare på problemstillinga. Eg har gjennomført to kvalitative intervju med same informant. I tillegg til å ta utgangspunkt i intervjuia, vil eg supplere med anna forsking og litteratur som er relevant for å svare på problemstillinga.

Intervjuia blei gjennomført via e-post, ved hjelp av kvalitative spørjeskjema. Kvart intervju tok ca ein time. Intervjuforma var strukturert, der informanten fekk fastlagte kvalitative spørjeskjema via e-post. Strukturerte intervju har fastlagt både tema og spørsmål på førehand, der spørsmåla vil vere opne og informanten kan sjølv formulere svara. Informanten vil svare utifrå korleis han/ho forstår spørsmåla, og forskaren har avgrensa innverknad på korleis informanten svarar. Ulempa med strukturerte intervju er at ein får lite fleksibilitet (Johannessen, Tufte & Christoffersen, 2010). Sidan eg gjennomførte e-post intervju har eg

ikkje hatt noko fleksibilitet i det heile. Eg gjennomførte difor to intervju, for å få meir utfyllande informasjon i det andre intervjuet.

## **2.2 Utval**

Utval inneber dei einingane som deltek i undersøkinga (Johannessen et al., 2010).

Utvalskriteria mine var at informanten skulle ha jobba med jenter som har utvikla eit rusmiddelmisbruk, og dermed kjenne til risikofaktorar for rusmisbruk. Eg intervjua difor ein person som jobbar i Uteseksjonen i Oslo. Uteseksjonen driv oppsökjande sosialt arbeid blant barn, unge og vaksne i Oslo sentrum, med eit rus- og kriminalitetsførebyggande perspektiv. Tenesta oppsökjer personar som kan stå i fare for å utvikle, eller som har utvikla problem knytt til rus og kriminalitet (Uteseksjonen i Oslo, u.å.). Personen eg intervjuar har jobba med oppsökjande arbeid i tre år, og har fylgt opp eit mangfold unge jenter som har utvikla eit rusmisbruk. Personen som deltok i studien min vil i oppgåva blir omtalt som informant.

## **2.3 Før-forståing**

Før-forståing vil sei dei «brillene» vi alltid har på oss, som er med på å farge det vi ser (Røkenes & Hansen, 2006). Før- forståinga dannar eit sentralt utgangspunkt for intervjuet. Det er viktig å tenkje igjennom eiga før-forståing, informanten si før-forståing, og korleis dette kan vere med å prege intervjuet og svara ein får (Dalland, 2007). Sidan eg har erfaring med unge rusmisbrukarar er det viktig at eg er bevisst denne erfaringa, men ikkje generaliserer det som det einaste rette. Dersom eg som intervjuar er bevisst på eiga før-forståing kan det hindre at eg blir kjenslemessig overrumpla i møte med undersøkingsfeltet. Informanten si før-forståing kan til dømes gjelde tankar og oppfatningar han eller ho har gjort seg om meg som intervjuar (Dalland, 2007). Det er altså viktig å vere bevisst på at før-forståinga både eg som intervjuar og informanten har, vil kunne vere med å påverke informasjonen som kjem fram i intervjuet.

## **2.4 Innhald i intervjua**

Det første intervjuet handla generelt om risikofaktorar som kan vere medverkande årsakar til at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og ulike vegar inn i misbruket. Eg opna intervjuet ved å stille generelle spørsmål kring informanten sin bakgrunn og Uteseksjonen i Oslo. Eg ynskte at informanten skulle gje ei framstilling av tre ulike jenter dei møter i Uteseksjonen, som har utvikla eit rusmisbruk. Det blei så stilt spørsmål kring jentene sin oppvekst, personlegdom,

relasjonar og vegar inn i misbruket (vedlegg 2). Det vil bli nytta fiktive namn på jentene når eg refererer til dei i oppgåva, jente A vil bli kalla «Anna», jente B «Birte» og jente C «Cecilie».

Med utgangspunkt i informasjon frå det første intervjuet, trekte eg ut tema eg ynskte å få nærmare informasjon om i det andre intervjuet. Det blei då fokusert på risikofaktorar, oppvekst, vennskap, vegar inn i misbruket og førebygging (vedlegg 3). Etter å ha fått utdjupande informasjon i det andre intervjuet hadde eg eit sterkare grunnlag for å svare på problemstillinga.

## 2.5 Utfordringar underveis

I utgangspunktet hadde eg eit ynskjer om å gjennomføre intervju ansikt til ansikt, men på grunn av økonomiske og geografiske forhold var ikkje det mogleg. Eit alternativ var då å gjennomføre intervjuet via telefon, men på grunn av tekniske utfordringar var heller ikkje det mogleg. Dermed blei intervjeta gjort via e-post. Eg var då budd på at tida som var sett til rådigheit kanskje ikkje blei respektert på same måte som den ville blitt i ein annan setting, og at svara kanskje ville bli så utfyllande som eg hadde ynskje om. Det blei også tilfelle i det første intervjuet, der informanten også fortel at «det gjekk litt fort i svingane», då ho svarte på intervjuet. Til tross for at svara ikkje var så utfyllande som eg hadde håpa på, fekk eg utbytte av dei. Svara på det andre intervjuet var meir utfyllande enn i det første.

## 2.6 Analyse ved tematisering

Analysen er reiskapen vi brukar for å finne ut kva intervjuet kan fortelje oss. Når vi analyserer kan vi dele intervjuet opp i mindre delar, noko som vil hjelpe oss å få tak i dei einskilde sidene ved det informanten har sagt (Dalland, 2007).

Eg analyserte intervjeta ved hjelp av tematisering. Det vil sei at ein etter å ha lese intervjeta, merkar seg tema som er tekne opp. Tematisk bearbeiding inneber at ein sorterer svara under det aktuelle temaet. Ein lagar altså ei liste over dei tema ein ynskjer å belyse, for å svare på problemstillinga. Når ein har fleire intervju, hentar ein svar frå kvart einskild intervju og plasserer dei under det tema det tilhøyrer (Dalland, 2007).

Når eg analyserte det første intervjuet sorterte eg svara under dei tre jentene, for å få ei oversikt over livet til kvar einskild av dei. Vidare delte eg det inn i tema risikofaktorar,

vennskap, familieforhold, oppvekst, skule, personlegdom, rusmiddelmisbruk og vegar inn i misbruket. Eg fekk då eit overblikk over dei svara eg hadde fått, i tillegg til det eg mangla svar på eller ynskte meir utfyllande svar på. Når eg analyserte det andre intervjuet sorterte eg det etter tema risikofaktorar, oppvekst, vennskap, vegar inn i misbruket og førebygging. Til slutt sorterte eg svara frå begge intervjuet inn i ei liste. Eg sorterte då utifrå tema risikofaktorar, oppvekst, vennskap, vegar inn i misbruket og førebygging. Når det gjeld førebygging hadde eg ikkje spørsmål kring det i det første intervjuet, men i det andre. Difor blei det berre informasjon frå intervju nummer to under tema førebygging.

## **2.7 Generaliserbarheit, reliabilitet og validitet**

Generalisering inneber at resultatet i utvalet også gjeld for alle personar i same eller liknande populasjon (Johannessen et al., 2010). Føresetnaden for at noko skal kunne generaliserast er at utvalet er representativt (Stene, sitert i Dalland, 2007).

For å kunne generalisere funn på basis av mitt kjeldegrunnlag, tok eg ei rekkje vurderingar. Sidan eg berre har ein informant kan det svekke representativiteten i studien. Til tross for at eg berre har ein informant har den kunnskap om eit mangfold av unge jenter med rusproblem, som kjem i kontakt med Uteseksjonen i Oslo. Det er viktig å vere bevisst at informanten kan pregast av dei rammene han/ho arbeider under, og han/ho i utgangspunktet berre kan gje svar på spørsmål kring jenter som han/ho har møtt gjennom Uteseksjonen i Oslo. Informanten kan dermed ikkje gje nøytrale beskrivingar av verkelegheita. I intervjuet fortel informanten om tre ulike jenter. Det er grunn til å tru at desse jentene er representative for dei jentene som Uteseksjonen i Oslo arbeider med. Likevel finnast det også mange unge jenter som har rusproblem, utan at dei kjem i kontakt med Uteseksjonen i Oslo. Eg meiner det er sannsynleg at utvalet i studien min er representativt for dei jentene som har eit rusproblem og er i kontakt med Uteseksjonen i Oslo, men utvalet er ikkje representativt i vid forstand.

For at metoden skal gi truverdig kunnskap, må krava til validitet og reliabilitet må vere oppfylt. Validitet tyder relevans og gyldigheit. Det vil sei at det som målast, må ha relevans og vere gyldig for det problemet som undersøkast. Reliabilitet står for pålitelegheit, som inneber at målingar må vere gjort korrekt, og at ein må nemne eventuelle feilmarginar (Dalland, 2007).

Når det gjeld reliabiliteten kan den bli svekka ved at eg nyttar e-postintervju. Informanten kan misforstå spørsmåla, og eg som forskar kan misforstå svara. Difor har vi hatt kontakt via e-

post og telefon dersom noko har vore uklårt. Det som kan styrke reliabiliteten er at informanten fortel om tre jenter. Han/ho har også erfaring med eit mangfold unge jenter som har utvikla eit rusmisbruk, og har dermed fleire opplevingar å vise til når det gjeld risikofaktorarar for å utvikle rusmisbruk. Difor vil eg hevde at mine data er pålitelege. Når det gjeld validitet stilte eg dei spørsmåla eg trengte for å svare på problemstillinga. Det vart stilt spørsmål kring risikofaktorar, oppvekst, personlegdom, relasjonar, vegar inn i misbruket og førebygging. Spørsmåla var knytt opp mot tre jenter som Uteseksjonen i Oslo har kontakt med (vedlegg 2 og 3). Eg vel å vurdere validiteten i oppgåva som tilfredstillande.

## 2.8 Etikk

Når ein arbeider med studentoppgåver kan ein komme i situasjonar der ein behandlar personopplysingar. Dette kan skape etiske utfordringar som ein må tenkje igjennom, og finne ut korleis ein skal løyse (Dalland, 2007). Undersøkinga omfattast ikkje av meldeplikta til Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste. For at eit samtykke skal vere gyldig må det vere frivillig, uttrykkeleg og informert (Norsk samfunnsvitenskaplig datatjeneste, 2012). Dette blei gjort ved at eg leverte ut eit informasjonsskriv der eg informerte om studien og deltakinga (vedlegg 1). Ved at informanten fekk denne informasjonen i førekant av intervjuet visste informanten kva han/ho deltok på, og kunne på bakgrunn av det gje munnleg samtykke til deltaking.

Som forskar er eg underlagt teieplikt. Eg har behandla opplysingar konfidensielt, der opplysingar blei lagra aidentifisert og personopplysingar blei ikkje oppbevart. Informanten er også anonymisert i oppgåva. Det blei oppretta ei eiga e-postadresse (og konto) for føremålet, som blir sletta når undersøkinga er ferdig. E-postar blei skrivne ut og aidentifisert etter at dei var motteke og deretter sletta frå datamaskina. Kjeldegrunnlaget, det vil sei sjølve e-postvarene, vil dermed ikkje kunne bli brukt av andre.

## 2.9 Litteratur

I oppgåva har eg valt å fokusere på litteratur som omhandlar risikofaktorar i oppveksten som kan vere medverkande for å utvikle eit rusmisbruk. Mykje forsking og litteratur på området er ikkje kjønnsspesifikt. Eg har til tider teke utgangspunkt i det som blir hevd i forhold til jenter, men der det har vore relevant har eg også knytt forsking og litteratur som ikkje er spesifikt for jenter, til «Anna», «Birte» og «Cecilie». På grunn av avgrensing, tid og størrelse

på oppgåva har eg valt og til dels sjå vekk frå resiliens og beskyttelsesfaktorar, sidan oppgåva mi omhandlar dei som utviklar eit rusmisbruk.

Eg har valt å inkludere ein del pensumlitteratur frå utdanninga, blant anna Johannessen et al. (2010) og Dalland (2007) som har vore nyttig for korleis eg gjekk fram ved kvalitativ metode. Bunkholdt (2000) og Bunkholdt og Sandbæk (2011) gjer ei grundig innføring i Bowlby sin teori om tilknyting, og Helland og Øia (2000) har tilbudd gode definisjonar på omgrep knytt til problemstillinga mi.

I analysedelen trekk eg nokre parallellar til Takvam (2010) si masteravhandling av sårbare rusavhengige kvinner si oppleving av mogleg forklaringar på eigen rusavhengnad. Det som har vore sentralt ved Takvam sin studie er at alle informantane hennar er kvinner som har utvikla eit rusproblem på bakgrunn av ein vanskeleg oppvekst.

Eg har også teke utgangspunkt i Helsedirektoratet (2010) sin rettleiar om tidleg intervension på rusområdet. Den har vore sentral for å vise den statlege haldninga til temaet. Eg fekk då eit innblikk i korleis staten, via direktoratet, ynskjer at kommunane skal arbeid med å identifisere risikofaktorar og setje inn tiltak.

## 3.0 Teoretisk rammeverk

I dette kapitlet vil eg først definere sentrale omgrep i problemstillinga. Vidare blir det presentert teoretiske verktøy som blir brukt for å belyse problemstillinga i analysekapitlet.

### 3.1. Kva er rus og rusmiddel?

I utgangspunktet er «rus» ei forkorting av å vere rusa, som er ein tilstand ein oppnår ved inntak av rusmiddel. I dag ser vi at nemninga «rus» ofte blir brukt i betydinga av rusmiddel. Altså har ordet «rus» endra seg frå å vere tilstanden ein kan komme i ved bruk av rusmiddel, til å bli nemnaren for sjølve rusmiddelet som blir innteke for å bli rusa (Skretting, 2010).

Historisk sett er alkoholen det som i vår del av verden har vore det dominerande og legitime rusmiddelet. Frå 50-talet og framover har bruk av nye typar rusmiddel vekst fram, som har fått fellesnemnaren narkotika (Helland & Øia, 2000).

I oppgåva ynskjer eg ikkje å inkludere eller ekskludere enkelte rusmiddel, men nytte rusmiddel som ei generell nemning på alle rusmiddel.

### **3.2 Bruk versus misbruk**

Det er ingen klare grenser mellom bruk og misbruk. Det som av nokon oppfattast som misbruk, kan av andre oppfattast som normal bruk (Helland & Øia, 2000). Sunde (2009) si oppfatning av misbruk er bruk som går utover daglege gjeremål, eller blir problematisk for brukaren. Ho hevdar at det også er naudsynt å ta utgangspunkt i kvart einskild tilfelle (Sunde, 2009). Helland og Øia (2000) tek same standpunkt, og hevdar at det som karakteriserer misbruk er eit forbruk som fører til problem, der individuelle forskjellar og tidspunkt er faktorar som kan spele inn (Helland & Øia, 2000).

I denne oppgåva ynskjer eg å definere rusmisbruk på bakgrunn av Helland og Øia (2000) og Sunde (2009) sin definisjon om rusmisbruk som eit forbruk som fører til problem. Eg kjem til å veksle mellom å bruke omgrepa «misbruk», «rusmisbruk» og «rusproblem», som alle vil innebere eit forbruk som fører til problem.

### **3.3 Risikofaktorar for utvikling av rusmisbruk**

En risikofaktor kan defineres som «en hvilken som helst faktor hos individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosieres med økt sannsynlighet for negativ psykososial utvikling i fremtiden». En beskyttelsesfaktor er «en hvilken som helst faktor hos individet eller i oppvekstmiljøet som kan assosieres med redusert sannsynlighet for fremtidig negativ psykososial utvikling» (Nordahl, Gravrok, Knudsmoen, Larsen og Rørnes, sitert i Helsedirektoratet, 2010, s. 16).

Når ein skal forstå kvifor personar utviklar et rusmisbruk handlar det om kombinasjonar av risiko- og beskyttelsesfaktorar. Risikofaktorane aukar sannsynlegheita, medan beskyttelsesfaktorane reduserer sannsynlegheita (Kvello, 2006). Alle menneske er utsett for både risiko- og beskyttelsesfaktorar. Det er ikkje slik at alle som er utsett for risikofaktorar utviklar eit rusproblem, mange greier seg fint til tross for at dei er utsett for fleire risikofaktorar. På den andre sida kan det vere slik at ein person som er utsett for mange beskyttelsesfaktorar, likevel utviklar eit rusproblem. Faren for at ein person utviklar eit rusproblem kan ikkje bedømmast utifrå den einskilde risikofaktor, men er knytt til den einskilde sin samla livssituasjon (Helsedirektoratet, 2010). Konsekvensen av risikoene aukar i takt med antal risikoar, tidspunkt og varigheit. Konsekvensane av risikoene er likevel ikkje gitt, og vil vere avhengig av individuelle faktorar (Rutter, sitert i Johannessen, 2009).

Ein kan knytte ei rekke belastningar og risikofaktorar til familien, som til dømes rusmis bruk, depresjon, høgt konfliktnivå og manglande struktur og tilsyn (Johannessen, 2009).

Helsedirektoratet (2010) hevdar også at høgt konfliktnivå kan vere ein risikofaktor, i tillegg til foreldre som gir barna mykje kritikk, eit samspel prega av kjefting, mangel på ros, uklare grenser for oppførsel og urealistiske forventningar til barnet (Helsedirektoratet, 2010). Både Johannessen (2009) og Helsedirektoratet (2010) hevdar at ein også kan sjå ein samanheng mellom rusmis bruk hos foreldre og søskjen og utvikling av unge sitt misbruk. Til tross for at ein kan vere oppvachsen i ein familie med mange og store sosiale problem utan å bli misbrukar, er det likevel sterkt samanheng mellom problem i familien og avvikande sosial utvikling, og dermed risiko for utvikling av rusmis bruk (Hansen, 2001).

### **3.4 Bronfenbrenner sin utviklingsøkologiske modell**

Bronfenbrenner har utvikla ein utviklingsøkologisk modell. Modellen viser ei beskriving av og forklaring på korleis barn kan påverkast og sosialisera st av hendingar og erfaringar frå fire nivå: mikro-, meso-, ekso- og makronivå (Bunkholdt, 2000). Det mest personlege nivået er mikronivået. Her føregår alt som omhandlar relasjonar til andre, sosialt samspel og rolleutforming. Døme på mikronivå kan vere foreldre, sysken, skule og venner. Mesonivået handlar om å skape tilknyting mellom dei ulike delane av mikrosistema. Dette kan til dømes gjelde samspelet mellom familien og skulen (Aagre, 2003). Gjennom eksonivået blir barn indirekte påverka gjennom hendingar som har betyding for menneska dei samspelar med. Makronivået omhandlar overordna verdiar, ideologiar og tradisjonar i samfunnet generelt og i dei underkulturane som ein familie er ein del av. Dette kan til dømes prege foreldra si oppsedingsform, prioriteringar, matvaner og liknande (Bunkholdt, 2000). Økologiske overgangar er også sentralt innanfor den økologiske modellen. Dette er overgangar som kan krevje tilpassing og omstilling frå individet (Aagre, 2003).

### **3.5 Tilknyting**

Bowlby utvikla ein teori om vonde og gode sider ved det tidlege emosjonelle samspelet, som han gav namnet «tilknyting» (Grønholt, Sommerschild & Garløv, 2011). Utgangspunktet for teorien var at spedbarn har ein medfødd, biologisk styrt tendens til å søkje nærliek til ein omsorgsperson i situasjonar det føler seg utrygt, stressa og treng hjelp. Spedbarn nyttar tilknytingsåtferd for å oppnå nærliek, og dermed tryggleik. Reaksjonen til omsorgsgjevar på barnet si tilknytingsåtferd påverkar kor trygt barnet oppfattar verda. Opplevinga av eit varmt,

nært og stabilt forhold til mor eller sin nærmeste faste omsorgsgjevar, er det viktigaste for spedbarnet. Avgjerande kvalitetar er at omsorgspersonane er fysisk tilgjengeleg og yt kjenselmessig støtte. Det er også viktig at dei er sensitive ovanfor barna sine signal, aksepterer barna sine behov, og svarar på barna sine signal slik at dei opplev å bli forstått og ivaretakne (Bunkholdt & Sandbæk, 2011). Målet for utviklinga av tilknyting er at omsorgspersonen etter kvart skal opptre som ein trygg base for barnet (Ainsworth, Blehar, Waters & Wall, Bowlby, sitert i Bunkholdt & Sandbæk, 2011).

Utvikling av tilknyting mellom barn og omsorgspersonar byrjar når samspelet mellom dei tek til etter fødselen, og når ein milepål når barnet er ca. to år. Dette blir definert som ein sensitiv periode (Ainsworth et al., sitert i Bunkholdt, 2000). Det vil sei at barn som ikkje får god nok omsorg innanfor denne perioden, vil kunne få problem med nære relasjoner seinare i livet. Likevel har seinare forsking og empiri vist at til tross for denne sensitive perioden for danning av tilknyting, er ikkje alle moglegheiter vekke om det ikkje ligg ideelt til rette i denne perioden (Bunkholdt, 2000).

Bowlby har utforma eit omgrep kalla indre arbeidsmodell. Det vil sei kor trygg eller utrygg omsorgspersonen framstår for barnet, utifrå barnet sine erfaringar ved bruk av eigen tilknytingsåtferd (Bunkholdt & Sandbæk, 2011). Det er ei indre oppfatning av seg sjølv og tilknytingspersonane, og kva dei kan forvente seg av dei og av relasjonen. Dei indre arbeidsmodellane utviklar seg parallelt med tilknytingsprosessen og på grunnlag av dei erfaringane barnet har (Killén, 2003). Dess større tilgjenge, sensitivitet, aksept og gode svar barnet opplev, dess meir pregast den indre arbeidsmodellen av trygg overbevising om at omsorgspersonen er til å stole på, og at barnet er akseptert og vil bli teken godt vare på. Barn med trygg tilknyting har tiltru til seg sjølv og andre, nærmar seg for hjelp og trøyst, samt er trygg på å bli ivaretaken. Barn med ulike former for utrygg tilknyting har ein tendens til å trekke seg vekk frå andre, eller eventuelt klamrar seg eller avviser andre sine forsøk på nærliek. Eit sentralt spørsmål for førebyggjarar innanfor rusfeltet er om det er mogleg å endre slike indre arbeidsmodellar, og i så tilfelle korleis. Fleire studiar har peika på at därlege indre arbeidsmodellar kan forandrast. For at det skal skje er små barn avhengige av erfaringar med nye, trygge menneske i dag-til-dag-opplevingar, medan eldre barn kan snu dei negative forventningane utan at dei treng positive erfaringar kvar dag. For eldre barn og vaksne er det også viktig at därlege tilknytingsforhold er kjent, og at ein klarar å gjennomarbeide det (Bunkholdt & Sandbæk, 2011).

I følgje Kvælo (2006) handlar tilknyting om tryggleik i relasjonen til andre menneske. Dei som har utrygg tilknyting har vanskelegare for å knytte seg til djupe og langvarige relasjoner til andre personar, enn det dei med trygg tilknyting har. Utifra dette finn ein at personar med utrygg tilknyting har større risiko for å utvikle rusmisbruk enn personar med trygg tilknyting (Kvælo, 2006).

### **3.6 Meistring**

Meistring definerast som skiftande og kognitive åtferdsmessige innsatsar for å handtere ytre og/eller indre krav som vurderast som krevjande for ein person eller overskrid personen sine ressursar (Lazarus & Folkman, sitert i Mørch, 2009). Ein av dei viktigaste faktorane innanfor barnepsykiatrisk forsking er studiar av prosessar som fører til meistrande barn (Grønholt et al., 2011). Det er konstruert ein modell som fangar opp dei viktigaste vilkåra som skal til for at eit barn skal utvikle god meistringsevne (Gjærum, Grønholt og Sommerschild, sitert i Grønholt et al., 2011). Modellen er bygd opp kring to hovudområder: tilhøyrslle og ferdigheiter. Det sentrale innanfor tilhøyrslle er dyaden, det å ha minst ein fortruleg person, familien der forutsigbarheit, bekreftelese og tilhøyrslle er sentralt, samt nettverket der fellesskap i verdiar og sosial støtte er sentralt. Innanfor kompetanse er det lagt vekt på å kunne noko, å vere til nytte, å få og ta ansvar, å kunne få utfolde nestekjærleik og å møte og mestre motgang (Grønholt et al., 2011). Ulike former for tilknytingsskader kan skape dysfunksjonelle meistringsstrategiar (Lossius, 2008).

### **3.7 Førebygging**

I følgje Helland og Øia (2000) handlar førebyggande ungdomsarbeid om å gjere oppveksten til barn og unge så god, variert og trygg som mogleg. Ein skil ofte mellom primær, sekundær og tertiær førebygging. Primær førebygging setjast tidleg inn, for å hindre at problem oppstår. Sekundær førebygging handlar om å hindre at problem forsterkast eller vidareutviklast, medan tertiær førebygging handlar om å reparere eller redusere skadar av langvarig og alvorleg karakter (Helland & Øia, 2000). Helsedirektoratet (2010) nemner også selektive tiltak som tiltak retta mot personar der rusproblem eller risikofaktorar allereie er observert (Helsedirektoratet, 2010). Det vil i analysekapitlet blir fokusert på sekundær førebyggande og selektive tiltak, som kan setjast inn etter at jentene er byrja å eksperimentere med rusmiddel. Det er mogleg å førebygge og reparerer på same tid. I tillegg til ei breitt perspektiv som famnar all ungdom er ein sentral målsetnad innanfor ungdomspolitikken å nå ungdom i

særskilt utsette miljø, der tiltak skal hindre og reparerer skreiutvikling (Helland & Øia, 2000). Med tidleg intervension meiner helsedirektoratet (2010) arbeid med å identifisere og handtere problem på eit så tidleg tidspunkt at problemet forsvinn eller kan reduserast med redusert innsats, det handlar altså om å gripe inn før problemet er fullt utvikla (helsedirektoratet, 2010).

## **4.0 Korleis kan risikofaktorar i oppveksten medverke til rusmis bruk?**

I dette kapitlet skal eg svare på spørsmåla som blir reist i problemstillinga. Korleis forhold i oppveksten kan vere medverkande risikofaktorar for at unge jenter utviklar eit rusmis bruk, og kva slags førebyggande tiltak og instansar som kan vere hensiktsmessig å setje inn etter at eksperimenteringa har byrja. Først blir det presentert nokon tal kring behandling av rusproblem og unge sin bruk av alkohol og narkotika i Noreg. For å svare på spørsmåla i problemstillinga blir det teke utgangspunkt i risikofaktorar i «Anna», «Birte» og «Cecilie» sin oppvekst, knytt til relevant forsking og litteratur. Vidare blir det presentert førebyggande tiltak og instansar som kan vere hensiktsmessig og setje inn ovanfor desse jentene, etter at eksperimenteringa med rusmiddel har byrja.

### **4.1 Norsk ungdom sin bruk av rusmiddel**

Det finnast ikkje statistikk som viser eksakt utbreiing av rusproblem i Noreg. Det ein veit er at etter rusreforma har det vore kraftig auke i antal henviste til behandling, og det har aldri vore så mange som har fått behandling av rusproblem som no. 30 prosent av alle som er i behandling er kvinner (Meld. St. 30 (2011-2012)).

I følgje dei landsdekkande ungdomsundersøkingane frå SIRUS har omrent 80 prosent i aldersgruppa 15-20 år drukke alkohol siste år. Endringane i denne andelen har ikkje vore stor i perioden 1995-2008. Kvart fjerde år blir det føreteke omfattande europeiske skuleundersøkingar blant 15-16 åringar, ESPAD. Undersøkinga for 2011 viser at andelen av 15- 16 åringar i Noreg som deltok på undersøkinga, som har drukke alkohol var 60 prosent. Undersøkingar blant norske tenåringar tyder på at alkoholbruken blant dei yngste auka fram mot tusenårsskiftet, for deretter å synke noko igjen. Drikkefrekvensen er likevel betydeleg i denne gruppa. I ESPAD undersøkinga for 2011 hadde 4 prosent av jentene og 6 prosent av gutane brukt narkotika. Samla var andelen av norske gutter og jenter som hadde brukt

narkotika 5 prosent. Samanlikna med andre europeiske land er andelen unge i Noreg som har prøvd narkotiske stoff låg (Meld. St. 30 (2011-2012).

## **4.2 «Birte» sin start på livet var prega av mor sitt rusmisbruk**

Det vil her blei peika på moglege årsakar til «Birte» sitt rusmisbruk. På spørsmålet om kva forhold i oppveksten som kan ha vore medverkande til at «Birte» utvikla eit rusmisbruk, svara informanten følgjande: «Hun vokste opp i fosterhjem siden mor sjølv hadde et rusmisbruk. Eg er usikker på hvor lenge hun bodde hos mor før omsorgen ble tatt. Men en vet jo at barn som lever under omsorgssvikt ofte kan være relasjonsskadet (...).».

Undersøkingar viser at barn av foreldre med rusproblem har høgare førekomst av problem som angst og tristheit, depresjon, åtferdsvanskjer, utagerande åtferd, skuleproblem, därleg sjølvbilete, søvnproblem og mareritt, rusmisbruk og kriminalitet (Mortensen, 1994). Foreldre sitt rusproblem kan vere ein risiko for utviklinga til barn. Det kan blant anna føre til manglande sensitivitet i foreldre-barn-samspelet og uforutsigbarheit for barnet. Etterkvart kan dette føre til at barnet sjølv utviklar eit rusproblem (Helsedirektoratet, 2010).

Samspelet mellom «Birte» og mor hennar kan ha vore prega av mor sitt rusmisbruk. Det som oftast opplevast som skremmande for barnet er den forandringa som skjer med foreldra når dei er rusa. Den kan opplevast som ein trussel mot barnet sine moglegheiter for å organisere seg og forstå omgjevnadane som noko uføreseieleg og trygt (Mortensen, 1994). Ei av kvinnene i studien til Takvam (2010) fortel at ho vaks opp i ein heim der faren dagleg rusa seg og sov ut rusen på barna sitt rom. Kvarden til barna bestod ofte av angst for faren sitt humør, og barna måtte som oftast tilpassa seg (Takvam, 2010). Redselen når mor rusa seg og stadig tilpassing kan også ha vore ein del av kvarden til «Birte» då ho budde hos mor si. Dette kan vere medverkande risikofaktorar for utvikling av rusmisbruk, som også var utfallet for «Birte».

Det er ein sensitiv periode fram til barnet er 2 år. Det vil sei at barn som ikkje får god nok omsorg innanfor denne perioden, vil kunne få problem med nære relasjoner seinare i livet (Ainsworth et al., sitert i Bunkholdt, 2000). Dersom ei tenkjer seg at «Birte» budde saman med mora fram til ho var 2 år, kan det ha fått konsekvensar for tilknytinga og evna til å knytte nære relasjoner til andre. Likevel blir det hevda at til tross for den sensitive perioden for danning av tilknyting, er ikkje alle moglegheiter vekke om det ikkje ligg ideelt til rette i denne perioden (Bunkholdt, 2000). Dersom «Birte» får erfaringar med nye, trygge vaksne kan det

endre dei indre arbeidsmodellane hennar (Bunkholdt & Sandbæk, 2011), og ho kan utvikle eit trygt tilknytingsmønster. Dette kan gjere det mogleg for henne å knytte nære relasjonar til andre.

#### **4.2.1 Var det betre for «Birte» å flytte i fosterheim?**

Når relasjonsskada barn skal flyttast, er det naudsynt at barnevernet er nøyne med å utgreie kva slags omsorgsmiljø som er det beste alternativet for den einskilde. Det er ikkje alle som finn seg like godt til rette i eit familiemiljø (Bunkholdt & Sandbæk, 2011). Bronfenbrenner skriv om økologiske overgangar. Det er overgangar som krev tilpassing og omstilling frå individet. Flytting er døme på ein slik overgang (Aagre, 2003). For «Birte» kan det å flytte frå mor si og inn i fosterheim vere ein overgang som krev tilpassing og omstilling frå hennar side. Det kan ha vore utfordrande. Informanten fortel at «Birte» er ei jente som gir lite til omgjevnadane. Dersom relasjonsskada barn blir flytta i fosterheim er det avgjerande at fosterforeldra blir godt budd på at dei kan ha eit langt løp framfor seg, for å auke barnet sin kapasitet til å ta imot og sjølv gi noko i relasjonar. Moglegheiter for bearbeiding av tap og nye tilknytingsmøglegheiter kan gje barnet moglegheit til å endre dei indre arbeidsmodellane (Howe & Fearnley, Schibbye, sitert i Smepllass, 2009). Det er vanskeleg å sei om «Birte» har klart å etablere eit trygt tilknytingsforhold til fosterheimen. Sidan «Birte» har utvikla eit rusmisbruk kan det likevel tenkjast at det ikkje har lukkast for «Birte» og fosterforeldra og skape eit trygt tilknytingsforhold, og endra dei indre arbeidsmodellane til «Birte». Noko som kan ha ført til at ho ikkje har klart å etablere ein nær relasjon til fosterfamilien.

Som nemnt kan det å ha ein forelder som rusar seg ha vore ein risikofaktor for «Birte» sitt misbruk, likevel kan det å bli flytta frå vante omgjevnadar og inn i ein ny heim også ha vore ein risikofaktor henne. Det å ha eit utrygt tilknytingsmønster og må tilpasse seg ein ny heim kan vere utfordrande. Ein ser her at fleire faktorar kan ha vore avgjerande for «Birte» sitt rusmisbruk. Det er dermed vanskeleg å konkludere med om fosterheim var eller ikkje var det rette alternativet for «Birte».

#### **4.3 Rusmiddel som meistringsstrategi i ein vanskeleg oppvekst?**

Det vil no bli peika på risikofaktorar i oppveksten til «Anna», som kan ha påverka hennar rusmisbruk. På spørsmålet om kva forhold i oppveksten som kan ha vore medverkande årsakar til at jentene utvikla eit rusmisbruk, svara informanten følgjande om «Anna»:

Det å vokse opp med foreldre som ikkje klarer å kommunisere kan ha store konsekvenser for barna, det kan skape uthygget og at barna ikkje mestrer så godt på andre arenaer som f.eks skole, venner. Dette gjør at en kan bli meir sårbar, at en ikkje finner ”sin plass” og søker mot miljøer hvor en blir godtatt for den man er.

I følgje Pedersen (1988) forklarar meistringsteorien mykje av jenter sin rusmiddelbruk. Innanfor denne teorien kan ein tenkje seg at gjennom konflikt og mangel på omsorg kan familien bli årsak til eit opplevd behov for rusmiddel som sjølvmedisinering. Dersom ein knyttar jenter sin bruk av rusmiddel til denne teorien, kjem det fram at konflikt er ein del av familieklimaet til jenter som nytta mest rusmiddel (Pedersen, 1988). Det blir også hevdat at negative kommunikasjonsmønster er karakteristisk for familiar med stoffmisbrukande ungdom (Reilly, sitert i Helland & Øia, 2000). Informanten nemner ikkje direkte konflikt i familien til «Anna», men at foreldra ikkje klarer å kommunisere saman. Eg vel å tolke det slik at det å ikkje klare å kommunisere saman, kan føre til konfliktfylt familiemiljø. Dersom ein går ut i frå at den dårleg kommunikasjonen var prega av konflikt eller annan form for negativt kommunikasjonsmønster, kan dette ha vore medverkande risikofaktor til at «Anna» byrja å ruse seg. Takvam (2010) hevdar også at kvinnene i hennar studie nytta rusmiddel som bedøving og meistringsstrategi i ein vanskeleg oppvekst (Takvam, 2010). I tillegg til konflikt er det i teorikapitlet blant anna nemnt at samspel i familien og vanskeleg familieforhold også kan vere risikofaktorar for utvikling av rusmisbruk. Det at foreldra til «Anna» ikkje klarer å kommunisere saman, har nok prega familien, og rus kan kanskje ha vore «Anna» sin måte å meistre dei vanskeleg forholda i familien på.

Som informanten gir utsyn for, kan det at foreldre ikkje klarer å kommunisere saman, føre til at barna blir uthygge. Ulike former for tilknytingsforstyrningar kan skape dysfunksjonelle meistringsstrategiar. Personar med utsyn tilknytingsmønster kan få problem med å regulerer kjensler og relatere seg til andre under belastande situasjonar. Nokon kan reagere med å miste kontrollen og utagere, medan andre kan trekke seg tilbake og sluttar å forhalde seg til eigne eller andre sine kjensler eller opplevingar (Lossius, 2008). Utrygg tilknyting kan dermed også bli ein risikofaktor for utvikling av rusproblem blant jenter. I følgje informanten kan «Anna» vere prega av utsyn tilknyting på bakgrunn av at foreldra ikkje klarer å kommunisere saman, som kan ha gitt utslag i relasjonar til skule og venner.

#### **4.3.1 Utryggleik kan gje utslag i vennskapsrelasjonar**

Som nemnt har både «Anna» og «Birte» sin oppvekst ført til at dei har utvikla eit uthygt tilknytingsmønster, som kan vere ein årsak til deira problem i relasjon til andre. Relasjonelle problem kan føre til at jenter kan bli utstøtt frå vennindefellesskapet (Bjerrum-Nielsen & Rudberg, sitert i Lossius, 2008). Mange rusmiddelavhengige kvinner fortel at ungdomstida var prega av ei kjensle av å «vere annleis», og at dei nesten alltid stod på utsida av venninnegjengen. Ungdomstida opplevast dermed som vanskeleg, forvirrande og uthygg (Lossius, 2008). I ungdomsalderen er også behovet for vennskap og gruppetilhørsle større enn i andre periodar av livet (Evenshaug & Hallen, sitert i Gåsnes, 2011). Informanten legg vekt på at verken «Anna», «Birte» eller «Cecilie» hadde nære vennskapsrelasjonar. Dei søkte dermed til miljø der dei blei godtekne, og kunne oppleve tilhørsle, fellesskap og aksept. Helland og Øia (2000) hevdar også at avvising og lite aksept frå jamaldra kan føre til auka risiko for kriminalitet og rusmisbruk, fordi ein søker mot andre miljø (Helland & Øia, 2000). Både «Anna» og «Birte» fekk også kjærestar innanfor rusmiljøet.

#### **4.3.2 Eldre kjærastar i rusmiljø**

Jenter kan søker seg til eldre gutar, der dei også kjem i kontakt med rusmiddel (Lossius, 2008). «Anna» og «Birte» sin veg inn i rusmisbruket var gjennom eldre kjærestar. På spørsmålet om kvifor desse jentene søker og tiltrekka desse gutane, svarte informanten at «Anna» opplevde guten som omtenksam og spanande. Han gav henne gode tilbakemeldingar og fekk henne til å føle seg vel. «Birte» opplevde å bli sett og godteken som ho var.

Ein kan få inntrykk av at kjærastane kan ha tilfredstilt behov dei ikkje fekk tilfredstilt i heimen eller på andre arenaer. Deriblant behov for merksemrd, positive tilbakemeldingar og aksept. I følgje Larsen og Pedersen (2005) hadde alle jentene i studien deira hatt problem med rus, og samlege av dei hadde i ungdomstida også hatt ein kjærast som var ein god del eldre enn dei. Ein ser dermed ein samanheng mellom eldre kjærastar og rus. Dei fleste jentene i studien deira hadde heller ikkje ein trygg hamn å reise frå. Gjennom kjærastane og det nye miljøet fekk dei merksemrd og varme, som kan ha tilfredstilt eit tryggleiksbehov dei ikkje fekk innfridd andre stader. Saman med dei eldre gutane og ruseffekten følte dermed jentene seg spesielle (Larsen & Pedersen, 2005). «Anna» fekk også ein del «vennar» i miljøet. I følgje Sunde (2009) er det ofte slik at når ein byrjar å bruke rusmiddel blir ein og kjent med fleire

brukarar. Dette aukar sannsynet for å både bli tilbudd nye rusmiddel, og det blir lettare å skaffe rusmiddel (Sunde, 2009).

#### **4.4 «Anna» sitt liv som «skilsmissebarn»**

På spørsmålet om korleis oppveksten til jentene var, svara informanten følgjande om «Anna»:

Hun vokste opp i Trøndelag med mor og far, og en yngre bror. Mor og far ble skilt og hun bodde hos mor i Trøndelag. Når hun skulle begynne på videregående flyttet hun til far på Østlandet. Hun kom ikkje godt overens med fars nye samboer ifølge henne sjølv.

Ein ser altså at det vanskelege forholdet mellom foreldra til «Anna» enda i skilsmisse. Som nemnt tidlegare er økologiske overgangar noko som krev tilpassing og omstilling frå individet. I ungdom sine mikrosystem vil sterkt positiv eller negativ endring i eit av mikrosistema kunne få ringverknader for andre mikrosystem. Slike overgangar kan vere både skilsmisse og flytting (Aagre, 2003). Begge desse overgangane var tilfellet for «Anna».

Skilsmisse kan for nokon skape negative ringverknader og flytting kan føre til brot på kjente omgjevnader, venner og aktivitetar (Aagre, 2003). I følgje Helsedirektoratet (2010) kan barn vere sårbare i overgangsperiodar, og endrings- og overgangsfasar utgjer generelt ein potensiell risiko for rusmisbruk (Helsedirektoratet, 2010). Ei av kvinnene i studien til Takvam (2010) flytta til ein annan kant av landet då ho byrja i sjuande klasse. Kvinna seier at problema hennar eskalerte då ho flytta. Ho klarte ikkje å etablere nokon nære relasjonar til klassekameratar, og byrja å ruse seg i skuletida (Takvam, 2010). På bakgrunn av skilsmissa mellom foreldra flytta «Anna» frå Trøndelag til Østlandet. I følgje informanten kan også byte av oppvekstmiljø ha vore ein risikofaktor for «Anna» sitt rusmisbruk. Sjølv om «Anna» har hatt lite nære venner, vil det å flytte frå Trøndelag til Østlandet gjøre det vanskelegare å behalde det nettverket ho hadde i Trøndelag. Det kan ha vore utfordrande og komme inn i eit klassemiljø på ein ny skule, noko som kan ha ført til at ho søkte til rusmiljøet. Det å skrifte både heim, skule og miljø kan ha vore ein overgang som var for stor for «Anna», som kan ha vore medverkande risikofaktorar for hennar rusmisbruk.

## **4.5 «Cecilie» si oppleving av ein avvisande far**

På spørsmålet om kva forhold i oppveksten som kan ha vore medverkande til at «Cecilie» utvikla eit rusmisbruk, svara informanten: «Vokst opp med alenemor, hatt lite kontakt med far. Hun har antageligvis følt seg avvist av far (...».

Manglande band til ein foreldre kan slå sterke ut blant jenter enn blant gutter, og kan vere ein faktor for at unge jenter byrjar å ruse seg (Helsedirektoratet, 2010). Barn som har opplevd avvisning frå nære omsorgspersonar kan utvikle tilknytingsproblem. Dei kan ha ein tendens til å skjerme seg mot nye skuffelsar, til tross for behovet for nærleik og omsorg. Dei kan òg skjerme seg mot andre menneske, fordi dei kan truge med avvisning. Dette fører til at dei kan få store problem med å gå inn i relasjonar (Bunkholdt & Sandbæk, 2011). Meistringsteorien forklarar at relasjonen mellom fedre og jenter kan vere problemfylt, fordi mange jenter opplev fedrene som kjølige og fjerne. Det er likevel mest opplevinga av forbod og overdriven kontroll ein finn att blant dei jentene som nyttar mest rusmiddel (Pedersen, 1988). Eg får likevel eit inntrykk av at jenter kanskje kan nytte rusmiddel for å meistre avvisning. Det kan dermed tenkjast at «Cecilie» kan ha nytta rusmiddel som ein meistringsstrategi for å bedøve kjensla av sakn og avvisning frå far.

## **4.6 Å ta meir ansvar enn ein bør som barn, ein risiko for rusmisbruk?**

Informanten fortel at «Cecilie» også vaks opp under marginale forhold og med omsorgssvikt frå mor. Dette kan ha ført til at ho har teke meir ansvar enn ein bør som barn. Empirien til Takvam (2010) viser korleis sårbare rusavhengige kvinner har vore overletne til seg sjølv gjennom heile oppveksten. Ei av kvinnene i studien fortel at ho måtte klare seg mykje aleine som barn, og at oppveksten var prega av sakn etter kjærleik og nærleik, samt sakn etter at nokon var glad i henne (Takvam, 2010). Kanskje har også «Cecilie» sin rusmiddelbruk sprunge ut av flukta frå ein oppvekst der ho blei overlete mykje til seg sjølv.

## **4.7 Førebygging**

Det vil no bli presentert førebyggande tiltak og instansar som kan vere hensiktsmessig å setje inn etter at jentene har byrja å eksperimentere med rusmiddel. Det blir knytt til nokon av teoriane som er nemnt teorikapitlet, og det som er kome fram i analysekapitlet om medverkande faktorar til at «Anna», «Birte» og «Cecilie» byrja å ruse seg, samt førebyggande tiltak som informanten meiner kan vere hensiktsmessig ovanfor desse jentene.

I følgje informanten er BUP, skule, barnevern, utekontaktar, DPS, NAV og pårørande viktige instansar som kunne vore sett inn for å hindre vidareutvikling av rusmisbruk for «Anna», «Birte» og «Cecilie». I tillegg meiner informanten at det er viktig at hjelparane rundt kvar einskild jente samarbeider og er samde om felles målsetnad i samarbeid med jenta. Når ein skal stoppe uheldig utvikling blant risikoutsett ungdom, kan løysingar og tiltak på mesonivå vere effektive. Det vil sei at ulike instasar rundt den unge må kommunisere og samarbeid om tiltak på eit tidleg tidspunkt (Aagre, 2003). Eg har no valt å utdjupe korleis fritidsaktivitetar og skule kan verke førebyggande ovanfor «Anna», «Birte» og «Cecilie», knytt til meistring, tilknyting og vennskapsrelasjonar til jamaldra.

#### **4.7.1 Korleis kan fritidsaktivitetar førebygge vidareutvikling av rusmisbruk?**

I følgje informanten er aktivitetar med oppleveling av meistring eit førebyggande tiltak som kunne vore til hjelp for «Anna». Informanten fortel også at «Birte» søkte seg til rusmiljøet for å bli godteken, som kan henge saman med lite meistring i normalsituasjonar. Det kan tenkjast at tiltak der «Birte» opplev meistring også kan vere førebyggande for henne.

Som nemnt i teorikapitlet er det konstruert ein modell som fangar opp dei viktigaste vilkåra som skal til for å utvikle god meistringsevne (Gjærum et al., sitert i Grønholt et al., 2011). Eit vilkår for meistring innanfor denne modellen er eit nettverk der ein opplev tilhørsle og fellesskap. Eit slikt nettverk kan til dømes vere innanfor ulike fritidstilbod (Grønholt et al., 2011). Utifrå intervjeta med informanten sit eg med eit inntrykk av at ingen av jentene deltok på fritidsaktivitetar, men søkte til rusmiljø for å oppleve tilhørsle, fellesskap, aksept og meistring. Borge (2010) hevdar at gjennom nettverk av venner og fritidsaktivitetar kan ungdommen utvikle sosial kompetanse og dermed få auka sjølvkjensle, noko som kan beskytte mot at dei havnar i belastande miljø (Borge, 2010). For informantane til Gåsnæs (2011) var hobbyar eller fritidsaktivitetar med på å gjøre det lettare å slutte med rusmiddel, dei hadde då fokus på noko anna enn rus, fylte tida med noko meinsingsfullt og knytta nye kontaktar (Gåsnæs, 2011). Informanten la vekt på at ingen av jentene hadde nære vennskapsrelasjonar. Dersom dei deltek i organiserte fritidstilbod kan dei få nye kontaktar og opprette vennskapsrelasjonar der. Det blir også hevdat at gode og trygge vennindefellesskap kan vere ein beskyttelsesfaktor (Johannessen, 2009).

Det er likevel lite dokumentasjon på at organiserte fritidstiltak har førebyggande effekt (Schaps, Moskowitz, Condon & Malvin, sitert i Helland & Øia, 2000). Rus er ofte knytt til

sosialitet og aktivitet. Dei sosiale aktivitetane, samhaldet og fellesskapet kan vere ein invitasjon til bruk av rusmiddel. Til tross for dette kan dei også skape alternative, attraktive og alkoholfrie møteplassar for ungdom, blant anna gjennom møteverksemd, ulike arrangement, sommarstemner og liknande (Helland & Øia, 2000). Det beste alternativet har likevel vist seg å vere fritidsklubben, som i forhold til andre organisasjoner er det tiltaket som treff flest risikoutsette ungdommar. Fritidsklubben representerer ei utviding i tid og rom av rusfrie soner for risikoutsett ungdom, der dei kan gjere positive sosiale erfaringar og oppleve meistring utan å ruse seg (Helland & Øia, 2000). Det er også naudsynt med god vaksenrettleiing på fritidsklubbane, for å hindre at gjengar tek kontroll over miljøet i klubben, og dei trygge rammene forsvinn. Fritidsklubben skal vere ein plass ungdomen kan vere og utvikle seg, samt knytte kontaktar med jamaldra og vaksne (Hammerø, sitert i Skotland, 2007). Eg trur at dersom dei vaksne på fritidsklubben og andre fritidsaktivitetar framtrer som trygge og stiller opp for jentene, kan dette gi dei nye tilknytingsmoglegheiter. Nye tilknytingsmoglegheiter kan også gi dei moglegheit til å endre dei indre arbeidsmodellane (Howe & Fearnley, Schibbye, sitert i Smeplass, 2009), som kan føre til at jentene får betre sjølvkjensle, og blir tryggare på seg sjølv og andre. Dyrhaug (2009) hevdar at fritidsklubbane er ein unik arena. Det er ungdommane sin stad og mange er meir der enn heime. Klubben kan også vere det reddande fangenettet i kritiske situasjonar. Til tross for at mange av dei som går på fritidsklubbane er involvert i problem knytt til rusmisbruk, ser ein likevel at det er mindre dop der enn elles i desse miljøa. Ho hevdar at det er noko med fritidsklubbar som fungerer (Dyrhaug, 2009).

#### **4.7.2 Korleis kan tiltak i skulen førebygge vidareutvikling av rusmisbruk?**

I følgje informanten var tiltak i skulen noko som kunne vore hjelpsamt for å hindre at «Anna» og «Cecilie» utvikla eit rusmisbruk. Fleire forskrarar peikar på at skulen har både ansvar og moglegheit når det gjeld å fremje elevane si meistringsevne. Eit vilkår for meistring er ferdigheiter, det å kunne noko, vere til nytte og å få og ta ansvar. Det er viktig å erfare at ein kan noko, men for at det skal skje må ein få oppgåver som harmonerer med eins moglegheiter (Grønholt et al., 2011). Mi oppfatning er at dersom skulen er tilrettelagt etter jentene sine føresetnadar, kan det vere ein arena for meistring.

Eit tiltak som kan setjast inn ovanfor desse jentene er ein rettleiar som kan hjelpe dei å oppnå betre prestasjonar på skulen eller løyse andre problem (Van der Stel, sitert i Hansen, 2004). Det kan gje ei oppleveling av meistring og auka sjølvkjensle. Dette kan få ringverknader og det

vil kanskje vere lettare for dei å oppnå ein god relasjon til jamaldra i klassen, noko som kan hindre dei i å søkje til rusmiljøet. I følgje Borge (2010) kan merksemd frå lærarar auke sjølvtilletten til elevane, og lærarar som opptrer som gode rollemodellar på skulen kan kompensere for dei dårlige forholda i heimen (Borge, 2010). Dersom rettleiar og lærarar på skulen opptrer som gode og trygge vaksne for jentene kan dette føre til at dei toler meir dei belastningane dei blir utsett for i heimen. Dei trygge vaksne på skulen kan på same måte som dei trygge vaksne på fritidsklubben, gje jentene nye tilknytingsmogleheter, som kan føre til endring av dei indre arbeidsmodellane. Dersom jentene opplev dei som trygge vaksne kan det kanskje også bli lettare for jentene og snakke med dei om forhold som er vanskelege.

Eit anna førebyggande tiltak kan vere reduserte klassar (Hansen, 2004). Då kan jentene bli sett og kan få den hjelpe dei treng. Sidan både «Anna», «Birte» og «Cecilie» har vanskar med å etablere vennskapsrelasjonar, kan det vere lettare for dei å oppnå det i reduserte klassar. Dersom dei framleis blir utanfor i klassemiljøet, vil det i reduserte klassar forhåpentlegvis vere lettare for lærarar å fange opp dei som fell utanfor. Dei kan då lage alternative opplegg, både på og utanfor skulen, som gjer det lettare å danne vennskapsrelasjonar. Eg meiner dette kan vere førebyggande tiltak innanfor skulen. Dei vil kunne oppleve meistring og danne vennskapsrelasjonar med jamaldra, noko som kan gjøre det lettare for dei og trekke seg ut av rusmiljøet.

## 5.0 Avslutning

Med utgangspunkt i at dårlige familieforhold er eit gjennomgåande trekk ved unge rusmisbrukarar, har eg ønskt å finne svar på korleis forhold i oppveksten kan vere medverkande risikofaktorar for at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og korleis fritidsaktivitetar og tiltak i skulen kan vere med å førebyggje at jenter utviklar eit rusmisbruk, etter at eksperimenteringa har byrja. Eg har knytt desse spørsmåla opp mot informantane sine beskrivingar av livshistoriene til «Anna», «Birte» og «Cecilie», og underbygt funna med relevante teoriar og forsking.

Dei forholda i oppveksten som har vore sentrale å peike på i denne oppgåva, og som kan ha vore medverkande til jentene sitt rusmisbruk er omsorgssvikt, overgangar som skilsmiss og flytting, dårlig samspele i familien, foreldre med rusproblem og avvising frå forelder. På grunn av desse forholda har jentene utvikla tilknytingsproblem. Det har ført til at dei gjerne ikkje har meistra andre arenaer like godt, samt påverka deira mogleheter for å danne gode og trygge

vennskapsrelasjonar til jamaldra. Dei har også gjerne nytta rusmiddel som ein meistringsstrategi i den vanskelege oppveksten. Mitt inntrykk er at desse jentene, som andre ungdommar, har eit ynskjer om å oppleve tilhøyrsel, fellesskap, aksept og meistring. Når dei ikkje fekk tilfredstilt dette i heimen og på andre arenaer, søkte dei seg til rusmiljøet.

Fritidsaktivitetar og tiltak i skulen er førebyggande tiltak som kan vere hensiktsmessig å setje inn etter at jentene har byrja å eksperimentere med rusmiddel. Eg tenkjer at det er viktig å sjå på nokon av grunnane til at jentene søkte seg til rusmiljøet, som var ynskje om å oppnå tilhørysle, fellesskap, aksept og meistring. Fritidsaktivitetar og skulen er begge trygge arenaer, der jentene kan oppleve nettopp dette. Der kan dei også møte trygge vaksne og jamaldra, og danne gode relasjonar. Dette kan hindre at dei søker seg til rusmiljøet, og gjøre det lettare å trekke seg ut av rusmiljøet dersom dei allereie har blitt ein del av det. Dersom det blir tilrettelagt for jentene, kan dei også oppleve gode prestasjonar både i skulesamanheng og på fritidsaktivitetane, noko som kan gje ei kjensle av meistring. Mitt inntrykk er at sjølv om desse jentene har vore utsett for risikofaktorar i familien og allereie har byrja å eksperimentere med rusmiddel, treng det ikkje vere for seint å få til ei positiv endring.

## 6.0 Kjeldeliste

- Aagre, W. (2003). *Ungdomskunnskap: Hverdagslivets kulturelle former*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Borge, A. I. H. (2010). *Resiliens: Risiko og sunn utvikling* (2. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Bunkholdt, V. (2000). *Utviklingspsykologi* (2.utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Bunkholdt, V. & Sandbæk, M. (2011). *Praktisk barnevernarbeid* (5. utg). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dalland, O. (2007). *Metode og oppgaveskriving for studenter* (4. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.
- Dyrhaug, K. E. (2009). Kreativ forebygging. *Rus & samfunn*, 3(2), 31-32. Henta frå <http://www.idunn.no/forside>
- Grønholt, B., Sommerschild, H. & Garløv, I. (2011). *Lærebok i barnepsykiatri* (4. utg.). Oslo: Universitetsforlaget.
- Gåsnes, G. E. (2011). *Ungdom som eksperimenterer med illegale rusmidler: Fokusgruppeintervju med ungdommer i risiko for å utvikle rusproblemer, som har greid seg bra i ettertid* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/31413/gaasnes.pdf?sequence=2>
- Hansen, I. (2001). *Unge og rusmidler: Brug eller misbrug?* København: Borgens Forlag.
- Hansen, M. R. H. (2004). *Ungdom, rusmidler og skole: Risikomis brukende ungdoms opplevelse av hvordan skolen møter dem i deres problematikk* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo).
- Helland, H. & Øia, T. (2000). *Forebyggende ungdomsarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke AS.
- Helsedirektoratet (2010). *Fra bekymring til handling: En veileder om tidlig intervasjon på rusområdet*. (Rapport 03/10). Oslo: Helsedirektoratet. Henta frå <http://www.helsedirektoratet.no/publikasjoner/fra-bekymring-til-handling-en-veileder->

[om-tidlig-intervensjon-pa-rusomradet/Publikasjoner/fra-bekymring-til-handling-en-veileder-om-tidlig-intervensjon-pa-rusomradet.pdf](#)

Johannessen, A., Tufte, P. A. & Christoffersen, L. (2010). *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode* (4. utg.). Oslo: Abstrakt forlag AS.

Johannessen, V. (2009). På tross av det umulige? *Rusfag*, 1(1), 27-32. Henta fra <http://www.korusbergen.no/sitefiles/13/dokumenter/Rusfag12009artikkelsamling.pdf>

Killén, K. (2003). Samspill og tilknytning i familien med rusmiddelproblemer. I K. Killén & M. Olofsson (red.), *Det sårbare barnet: Barn foreldre og rusmiddelproblemer* (s. 79-95). Oslo: Kommuneforlaget AS.

Kvello, Ø. (2006). Risiko og beskyttelse ved ungdoms rusmiddelmisbruk. *Rus & avhengighet*, 9(4), 25-28. Henta fra <http://www.idunn.no/forside>

Larsen, C. J. & Pedersen, W. (2005). *Bytte, kjærlighet og overgrep: Seksualitet blant ungdom i randsonen* (NOVA Rapport 10/05). Henta fra [http://www.nova.no/asset/572/1/572\\_1.pdf](http://www.nova.no/asset/572/1/572_1.pdf)

Lossius, K. (2008). Kvinner, alkohol og behandling. I F. Duckert, K. Lossius, E. Ravndal, & B. Sandvik. *Kvinner og alkohol* (s. 107-143). Oslo: Universitetsforlaget.

Meld. St. 30 (2011-2012). *Se meg: En helhetlig rusmiddelpolitikk: alkohol – narkotika – doping*. Henta fra <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/regpubl/stmeld/2011-2012/meld-st-30-20112012.html?id=686014>

Mortensen, O. (1994). Barns reaksjoner på foreldrenes misbruk. I F. A. Hansen (Red.), *Barn som lever med foreldres rusmisbruk* (s. 33-54). [s.l.]: Ad Notam Gyldendal.

Mørch, C. H. (2009). *Psykiske vansker i ungdomsalderen: Mestringsperspektiver og hvordan de kan brukes for å forebygge psykiske lidelser hos ungdom* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo). Henta fra <https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/31117/Duoxmasteroppgave2.pdf?seq=1>

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste. (2012). *Krav til samtykke*. Henta 17. mai 2013 fra <http://www.nds.uib.no/personvern/meldeplikt/samtykke>

- Pedersen, W. (1988). Sårbare jenter? *Stoffmisbruk*, 8(1), 10-11.
- Røkenes, O. H. & Hanssen, P.-H. (2006). *Bære eller briste: Kommunikasjon og relasjon i arbeid med mennesker* (2. utg.). Bergen: Fagbokforlaget Vigmostad & Bjørke.
- Skotland, S. (2007). Fritidsklubben trenger voksne. *Rus & samfunn*, 1(2), 11. Henta frå <http://www.idunn.no/forside>
- Skretting, A. (2010). Behov for språk- og begrepsrøkt. I E. Amundsen (Red.), *Hva er misbruk og avhengighet? Betegnelser, begreper og omfang*. (SIRUS-Rapport nr. 4/2010). Oslo: Statens institutt for rusmiddelforskning. Henta frå <http://hera.helsebiblioteket.no/hera/bitstream/10143/212130/1/sirusrap.4.10.pdf>
- Smepllass, S. F. (2009). Tilknytningsteori i møte med praksisfeltet ved plassering av små barn i fosterhjem. *Tidsskriftet Norges barnevern*, 86(3), 158-171. Henta frå <http://www.idunn.no/forside>
- Sunde, H. H. (2009). *Veier inn og ut av illegal rusbruk: – unge voksne som ruser seg en periode av livet* (Masteroppgåve, Universitetet i Oslo). Henta frå <https://wo.uio.no/wo-data/hfagsinlevering/kriminologi/2009/91760/Sunde.pdf>
- Takvam, B. H. (2010). *Kvinner og rus: En kvalitativ studie av sårbare rusavhengige kvinners opplevelser av mulige forklaringer på egen rusavhengighet* (Masteroppgåve, Universitetet i Bergen). Henta frå <https://borauib.no/bitstream/handle/1956/4011/68959614.pdf?sequence=1>
- Uteseksjonen i Oslo. (u.å.). *Om oss*. Henta 17. mai 2013 frå <http://www.uteseksjonen.no/om-oss>

## **7.0 Vedlegg**

### **7.1 Vedlegg 1: Informasjonsskriv**

#### **Informasjonsskriv**

Hei.

Eg er bachelorstudent i sosialt arbeid ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og held no på med den avsluttande bacheloroppgåva. Temaet for oppgåva er unge jenter, risikofaktorar for rusmisbruk og deira veg inn i misbruket. Eg skal undersøkje kva slags risikofaktorar som kan vere medverkande årsaker til at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og ulike vegar inn i misbruket.

For å finne ut av dette ynskjer eg å intervju ein som har jobba med unge jenter som har utvikla, eller er på veg til å utvikle eit rusmisbruk. Eg ynskjer å gjennomføre to intervju. Det første intervjuet vil dreie seg generelt om risikofaktorar som kan vere medverkande årsakar til at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og ulike vegar inn i misbruket. Med utgangspunkt i informasjon frå det første intervjuet, vil eg trekke ut spesifikke risikofaktorar som eg ynskjer å få nærmare informasjon om i det andre intervjuet. Kvart intervju vil ta ca ein time, og eg ynskjer å gjere det via e-post.

Opplysingar vil bli behandla konfidensielt, og eg som forskar er underlagt teieplikt. Det vil bli oppretta ei eiga e-postadresse (og konto) for føremålet, som slettast når undersøkinga er ferdig. E-postar skal skrivast ut og aidentifiserast umiddelbart etter dei er motteke og deretter slettast frå datamaskina. Kjeldegrunnlaget, det vil sei sjølve e-postvarene, vil ikkje bli gjenbrukt. Opplysningane vil bli lagra aidentifisert og personopplysingar skal ikkje oppbevarast.

Vi har avtalt via e-post at du ynskjer å delta på intervjeta, og at det kan gjerast via e-post. Ved at du deltek på intervjeta samtykker du til deltakelse og at eg kan nytte informasjon frå intervjeta i oppgåva mi. Det er frivillig å delta, og så lenge studien pågår kan samtykket trekkast tilbake utan at ein må oppgje grunn. Dersom du trekk deg vil alle innsamla data om deg bli anonymisert og sletta.

Prosjektet er ikkje meldepliktig til NSD då personopplysingar ikkje registrerast eller oppbevarast.

Du kan kontakte meg på tlf 952 69 329, eller sende ein e-post til [elisabeth.ullebo@gmail.com](mailto:elisabeth.ullebo@gmail.com).

Du kan også ta kontakt med min rettleiar Henning Pedersen på tlf 901 25 637 eller e-post  
[henning.pedersen@vel.oslo.kommune.no](mailto:henning.pedersen@vel.oslo.kommune.no).

Med vennleg helsing

Elisabeth Ullebø

6963 Dale i Sunnfjord

## **7.2 Vedlegg 2: Kvalitativt spørjeskjema (1)**

### **Kvalitativt spørjeskjema (1)**

Eg er bachelorstudent i sosialt arbeid ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og held no på med den avsluttande bacheloroppgåva. I denne samanheng ynskjer eg å intervju deg, sidan du har erfaring med unge jenter og rusmisbruk. Intervjuet vil omhandle spørsmål kring risikofaktorar som kan vere medverkande årsakar til at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og ulike vear inn i misbruket. Eg ynskjer at du skal gje ei framstilling av tre jenter. Med det meinar eg tre typiske jenter som de møter i Uteseksjonen, som er ulike, men som har utvikla eit rusmiddelmisbruk. Eg har valt å kalle desse jentene for A, B og C, slik at det blir lettare å skilje dei.

Intervjuet vil ta ca ein time, og skal gjennomførast via e-post. Informasjon som kjem fram i intervjuet vil bli nytta i mi bacheloroppgåve. Som nemnt i informasjonsskrivet er eg som forskar underlagt teieplikt. Opplysningane vil bli lagra evidentifisert og personopplysingar skal ikkje oppbevarast. Kjeldegrunnlaget, sjølv e-postvarene, vil ikkje bli gjenbrukt av andre.

Når det gjeld spørsmål kring din bakgrunn, Uteseksjonen, alder og bruk vs. misbruk ynskjer eg relativt korte svar. Eg ynskjer meir utfyllande svar på spørsmåla kring jentene sin oppvekst, personlegdom, relasjonar og vear inn i misbruket.

### **Din bakgrunn**

- Kva felt har du jobba innanfor?
- Kva erfaringar har du med unge jenter og deira rusmisbruk?
- Kva erfaring har du med unge jenter og deira veg inn i rusmisbruk?

### **Uteseksjonen**

- Korleis kjem dykk i Uteseksjonen i kontakt med unge jenter som er i risikosona for å utvikle, eller allereie har utvikla eit rusmisbruk?
- Kva aldersgruppe jobbar dykk med?

### **Alder**

- Når opplev du det som mest vanleg at jenter, som Uteseksjonen har kontakt med, byrjar å eksperimentere med rusmidde?

## **Bruk vs. misbruk**

- Kva ser dykk i Uteseksjonen på som rusmiddelmisbruk?

## **Historiene til jentene**

- Fortel kort om historiene til tre ulike jentene som har utvikla eit rusmiddelmisbruk, som de i Uteseksjonen har kontakt med.
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C

## **Oppvekst**

- Korleis var oppveksten til jentene?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva risikofaktorar for å utvikle eit rusmisbruk har vore til stades i livet til jentene?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C

## **Personlegdom**

- Kva personlegdomstrekk og eigenskapar kjenneteiknar jentene?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C

## **Relasjonar**

- Kva kjenneteiknar familieforholda til jentene?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva kjenneteiknar vennskapsrelasjonane til jentene?
  - Jente A

- Jente B
- Jente C

### Vegar inn i misbruket

- Kva kjenneteiknar situasjonane der jentene blir introdusert for rusmiddel?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva kjenneteiknar vegane inn i misbruket for jentene?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva kjenneteiknar situasjonane der jentene nyttar rusmiddel?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kjenner du til kartlegging og rapportar frå Uteseksjonen innanfor dette temaet?
- Er det noko meir du ynskjer å leggje til?

Dersom det er noko du lurer på undervegs kan du ta kontakt med meg på tlf 95269329, eller sende ein mail til [elisabeth.stud@gmail.com](mailto:elisabeth.stud@gmail.com)

Takk for at du ynskte å delta på intervjuet.

Med venleg helsing

Elisabeth Ullebø

## **7.3 Vedlegg 3: Kvalitativt spørjeskjema (2)**

### **Kvalitativt spørjeskjema (2)**

Eg er bachelorstudent i sosialt arbeid ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, og held no på med den avsluttande bacheloroppgåva. I denne samanheng ynskjer eg å intervju deg, sidan du har erfaring med unge jenter og rusmisbruk. Eg har tidlegare intervjuet deg kring risikofaktorar som kan vere medverkande årsakar til at unge jenter utviklar eit rusmisbruk, og ulike vegar inn i misbruket. Då ynskte eg ei framstilling av tre typiske jenter som de møter i Uteseksjonen, som er ulike, men som har utvikla eit rusmiddelmisbruk. Eg valte å kalle desse jentene for A, B og C, slik at det blei lettare å skilje dei. I dette intervjuet ynskjer eg å stille utdjupande spørsmål i forhold til dei tre jentene. Det vil då bli spørsmål kring risikofaktorar, oppvekst, vennskap, vegar inn i misbruket og førebygging.

Intervjuet vil ta ca ein time, og skal gjennomførast via e-post. Informasjon som kjem fram i intervjuet vil bli nytta i mi bacheloroppgåve. Som nemnt i informasjonsskrivet er eg som forskar underlagt teieplikt. Opplysningane vil bli lagra avidentifisert og personopplysingar skal ikkje oppbevarast. Kjeldegrunnlaget, sjølv e-postvarene, vil ikkje bli gjenbrukt av andre.

### **Risikofaktorar**

- Kva slags risikofaktorar opplev du som mest framtredande for at kvar av jentene har utvikla eit rusmisbruk?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C

### **Oppvekst**

- Kva forhold i oppveksten trur du kan ha vore medverkande årsakar til at jentene har utvikla eit rusmisbruk? Forklar kvifor.
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C

## Vennskap

- Kvar av desse jentene har hatt lite venner. På kva måte utgjer dette ein risikofaktor for at desse jentene utvikla eit rusmisbruk?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C

## Vegar inn i misbruket

- Du nemnte at to av jentene sin veg inn i misbruket hadde vore gjennom eldre kjærastar i rusmiljøet. Kvifor trur du dei søkjer og tiltrekkast av desse gutane?
  - Jente A
  - Jente B
- Kvifor trur du jentene søkte seg til rusmiljøet?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva slags forskjellar opplev du mellom jenter og gutter sin veg inn i misbruket?

## Førebygging

- Kva slags førebyggande eller tidlege instansar kunne vore hjelsame for å hindre at jentene utvikla eit rusmisbruk?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva slags førebyggande eller tidlege instansar kunne vore sett inn for å hindre vidareutvikling av rusmisbruket for jentene?
  - Jente A
  - Jente B
  - Jente C
- Kva slags forskjellar er det mellom førebygging for gutter og jenter?

Dersom det er noko du lurer på undervegs kan du ta kontakt med meg på tlf 95269329, eller sende ein mail til [elisabeth.stud@gmail.com](mailto:elisabeth.stud@gmail.com)

Takk for at du ynskte å delta på intervjuet.

Med venleg helsing

Elisabeth Ullebø